

---

**Fra:** Anne-Kjersti Stavø Stenehjem  
**Sendt:** 5. april 2017 10:10  
**Til:** Astrid Lernes  
**Kopi:** harald.ekroll@eninvest.net; 'kriskjol@online.no'; 'annasofi@frisurf.no';  
'audkanet@yahoo.no'; Henrik Oppen  
**Emne:** Innspel til økonomiplan 2018 - 2021 - Fylkesrådet for eldre

Hei!

Fylkesrådet for eldre viser til brev datert 07.03.2017 frå konstituert økonomisjef og har fylgjande innspel til økonomiplanen:

- I alt plan- og omstillingsarbeid må det leggast vekt på at dei mest sårbare gruppene ikkje vert spesielt hardt råka
- Folkehelseperspektivet må ha høgt fokus. Det må leggast til rette for å ta gode val og styrke folkehelse
- I planarbeidet med nye fylkesvegar må det også planleggast gang/sykkelvegar. Busstopp må utformast universelt og det er framleis ein del eksisterande stopp som er direkte trafikkfarleg plassert og må byggast om eller flyttast
- Rassikringstiltak må ha høg prioritet for å gjere kvardagen betre for brukarane
- Ved ruteendringar eller rutekutt vert som regel utkantane råka. For å kompensere for problema som oppstår, må serviceskyssen byggast vidare ut for å kompensere for bortfall av ruter. Det må vurderast å innføre ei ordning med «bestillingsskyss». Mange i utkantane har problem med å knytte seg til ekspressruter grunna mangel på tilførselsruter. Ei ordning med «bestillingsskyss» kan løyse slike problem

For utfyllande kommentarar kan leiar for fylkesrådet for eldre kontaktast; Harald Ekroll.

Med helsing

Anne-Kjersti Stavø Stenehjem  
rådgjevar, fylkesrådmannen - stab  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no) | [Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no](mailto:Anne-Kjersti.Stenehjem@sfj.no)  
sentralbord: +47 57638000 | mob: +47 95725658